



VEDTEKTER FOR LUSTER TURLAG

§1 FØREMÅL

Laget har som føremål å arbeida for eit enkelt, aktivt, sikkert og naturvenleg friluftsliv.

§2 INTERESSEOMRÅDE

Luster Turlag er eit lokallag i Sogn og Fjordane Turlag (SFT), som er tilslutta Sen Norske Turistforening (DNT). Laget har Luster kommune som arbeidsområde.

§3 ARBEIDSOPPGÅVER

Luster Turlag sine hovudoppgåver er:

- Å skipa til varierte turar som passar for alle aldersgrupper sommar som vinter, og å presentera turane i eit årleg turprogram
- Å varda og merka ruter og delta i opplysningsarbeid om natur og kultur i kommunen.
- Å forvalta og ta vare på fast eigedom (hytter) på ein forsvarleg måte.

§4 STYRET

Laget vert leia av eit styre på sju medlemar, med tre varamedlemar. I styret skal ein medlem representere DNT Ung Luster og ein Barnas Turlag. Styremedlemane vert valde for tre år om gongen og varamedlemane for eitt. Leiaren vert vald av årsmøtet for eitt år. Styret konstituerer seg sjølv med nestleiar, skrivar, kasserar for eitt år om gongen. Styret kan oppnemna nemnder for løysing av konkrete oppgåver.

Styret kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemmane er til stades. Ved likt røystetal, har leiaren dobbelrøyst.

§5 ÅRSMØTET

Årsmøtet er laget sitt høgste organ og vert halde årleg innan utgangen av november. Årsmøtet skal kunngjerast med minst 4 vekers varsel. Saker som medlemmane vil ha opp på årsmøtet må vere styret i hende minst 2 veker før årsmøtet. Røysterett på årsmøtet har alle medlemmar som har betalt kontingent. Medlemmar som har fylt eller fyller 15 år i valåret kan veljast inn i styret.

Årsmøtet skal:

1. Godkjenna innkalling og sakliste
2. Velja ordstyrar og møteskrivar
3. Velja to til å skriva under årsmøteprotokollen
4. Godkjenna årsmelding og rekneskap
5. Handsama eventuelle innkomne framlegg
6. Fastsetja medlemskontingent
7. Velja styre og styreleiar
8. Velja revisor
9. Velja valnemnd på tre personar. Årsmøtet vel leiaren i valnemnda.



§6 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Dersom styret eller minst 25 medlemar krev det, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte. Ekstraordinært årsmøte skal kallast inn med minst 14 dagars varsel.

Ekstraordinært årsmøte skal berre handsame den saka (dei sakene) som er grunnlag for møtet, og som er nemnd i innkallinga.

§7 VEDTEKTSENDRINGER

Endringar av desse vedtektene kan gjerast av årsmøtet med 2/3 fleirtal av dei røysteføre på møtet.

§8 FULLMAKTER

Leiar og ein styremedlem har saman fullmakt til å skriva under for laget i viktige saker som ved låneopptak, kontraktskriving, tinglysingar eller liknande.

§9 OPPLØYSING

Oppløysing av Luster Turlag krav 3/4 fleirtal, og må takast opp med same krav til fleirtal på eit etterfølgjande ekstraordinært årsmøte som vert halde minst 4 veker seinare. Ved eventuell oppløysing av Luster Turlag, skal laget si eige gå til Luster kommune, med ønskje om at midlane vert nytta i samsvar med turlaget sitt føremål.